

Ploglobb. = Testen

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Rødøy

Emne: Ard og Plog.

Bygdelag: Storselsøy.

Oppskr. av: T.K.Heen,

Gard:

(adresse): Nordvænes

G.nr. 2. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1). Nei, ikkje no. Trur dei siste ardane gjekk ut av bruk i tida 1915 - 1920.
 2 og 3). Men likevel kan det hende at arden er i bruk i Rødøy på ein eller annan avsides garden. Men det er lite truleg.-


So vidt eg kjenner til, vart arden berre brukt i potetåkeren. Potetåkeren vart pløgd og harva. Når so poteten skulde settes vart potedesrendene arda opp med arden, og potedesen sett i desse "førene". Ugraset vart harva burt med ei lett harv. Når potedesen hadde "rendra seg", vart arden brukt til hyppinga.

Åkeren vart til vanleg hyppa 2 - 3 gonger.-
 Til vanleg skilde folk mellom ard og hyppeplog. Hyppeplogen var sterkare bygd enn arden og hadde 2. armar. Skilnaden mellom ein vanleg plog og hyppeplogen var nesta berre den at hyppeplogen hadde to veltefjøl.

4. og 5).

og 6.


Vanleg ardtype på Storselsøy i Rødøy.




*ri skök, skäita,
 sjaker, sjakern. var av bommetjukt fog.*

- 7). Det kjenner eg ikkje til, men det er lite truleg.
 8). Arden har to veltefjøl. Dei velter til kvar si side.- Breidda mellom veltefjølene kunde gjerast større og mindre etter som ein vilde ha breidda mellom potedes-rendene.- Sjå figuren.

Regul.skjinne.



I regul.skinnene var det småe hol som teinen kunde stikkes nedgjennom.



- 9). Nei.
 10). Nei, men djupna kunde regulerast med kortare eller lenger " drag " mellom ardåsen og skåksponen.
 11). Den arden det er gitt eit rits av på andre sida, er vel ein variant av nr. 5. Men den hadde ikkje restill. Veltefjølene var av jarn. Arden bruktes berre til å ale opp potedesrender med og så til hypping.
 12). Dei vart laga av bygdesmed.
 13). No brukes det berre fabrikksmidde plogar. Gjekk over til fabrikkplogar i tida 1895 - 1905. Eg synes å minnes at det vart nemndkr. 40,00 for ein heimesmidd plog.
 14). Kjenner ikkje til at type 8. har vore brukt på Storselsøy eller andre stader i Rødøy. Dei gamle plogane her i kommunen var av type nr. 14.- Solen, veltefjøla, og styrearmen var av jarn. Veltefjøla var vridd. Mor - Thine Heen fødd 1856 - fortalde at far hennar hadde to-hestars plog med veltefjøl av tre, men ho var klædd med tunne jarnplater. Når bestefar pløgde med denne plogen, måtte det sitte ein unge framme på åsen skulde plogen halde seg i jorda. Med ein slik plog dyrka han opp (rudde seg) ein gard på 70 - 80 mål innmark.-
 15). Har ikkje høyrd det nemnd.
 16). Til vanleg vart plogen køyrd attende med veltefjøla opp.
 17). Slik kloss vart spikra fast på alle plogar. Vart kalla " jordklamp."
 18). Nei, det trur eg ikkje. Folk hadde ikkje råd til slikt her i Rødøy.
 19). Til vanleg bløgde ein 6 - 8 tomnar djupt. Djupna vart regulert med lengere eller kortare " drag " mellom plogen og skåksponen, eller med ploglabb (slepesko)
 20). Ja.
 21). Det er lite truleg. Har ikkje høyrd det nemnd. Men var jorda ein skulde pløye svært seig (myr), vart fora (det loddrette snitt) stukken opp med ein spade.
 22). Plogen vart køyrd på ei vanleg vogn elle slede.-
 23). Trur ikkje Falkensteinplogen er kjend i Rødøy.
Namn på luter av plogen: Plogåsen med ploglabb, restell, veltefjøl, solen (skoen) og styret. Plogen hadde ei veltefjøl som velta til ei side.
 Arden har to veltefjøl som velter til kvar si side. Ard vert uttala al med tjukk l. (I Rødøy vert ~~ar~~ r. i mange ord uttala med tjukk l.) Varde utt. vale, ard utt. al.

Ard er hankjønn: ein al, alen, alar, alann.

Nordværnes, den 15. mars 1948.

